



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 15/770 - 18/218

Saksbehandlar:
Silje Haukedal
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:
03.01.2018

Byggesak Gbnr 79/21 Tjore Nedre - Tomannsbustad - manglande dokumentasjon

FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM FORLENGA MELLOMBELS BRUKSLØYVE /TRONG FOR
TILLEGGSDOKUMENTASJON TIL SØKNADEN

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.12.2017.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at gjennomføringsplanen ikkje er oppdatert i samsvar med tiltaket.

Kommunen har tidlegare kravd oppdatert gjennomføringsplan da det ikkje låg føre gjennomføringsplan ved endringssøknaden. Det kjem fram av dykkar brev datert 20.12.2017 at prosjekteringsarbeidet vart gjort i forbindelse med innsending av førstegangssøknad. Vidare kjem det fram at ved endringssøknaden vart det ingen endringar i prosjekteringsgrunnlag knytt til TEK 10 og at teikningane til endringssøknad blei basert på tiltaket faktiske plassering.

Kommunen finn det klart at teikningane som blei sendt inn ved endringssøknaden inneber ny prosjektering og at det dermed må ligg føre oppdatert gjennomføringsplan for ansvarsområde «arkitektonisk utforming og brukbarhet». Vidare vil vurderinga om endringa medfører endringar i forhold til TEK krav også vere prosjektering.

Vidare er det i gjennomføringsplanen kryssa av på at alle prosjekterande fag er ferdig, dette finn kommunen at ikkje kan vere riktig ettersom avkjørselen slik den er etablert krev endringssøknad og dispensasjon frå reguleringsplan. Dette krev ny prosjektering frå aktuelle ansvarsområder.

På bakgrunn av dette ber kommunen på nytt om å få sendt inn oppdatert gjennomføringsplan.

Kommunen gjer for god ordens skyld merksam på at mellombels bruksløyve datert 18.12.2017 berre er gyldig til 04.01.2018.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Med helsing

Silje Haukedal
Seniorrådgjevar tilsyn/jurist

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN